

# Sund Sokneblad

**Nr. 6**  
4. desember 2019  
Årg. 88



## 44 lys for dei gravlagde

På den første søndagen i november, på Helgemessesøndagen eller Allehelgenssøndagen, vart dei som er gravlagde i Sund sidan førre Helgemessesøndag, minnst. Dette vart gjort ved at Kjell-Asle Børnes las opp alle dei 44 namna medan Hildegunn B. Myklebust tende eit lys for kvar av dei.

side 6

## Avskil med Erling Kopperud

Erling Kopperud hadde avskilsgudsteneste i Foldnes kyrkje 27. oktober då han takka av som prost i Vesthordland prosti gjennom 20 år. No er han blitt pensjonist, og vi har også eit intervju med han i dette bladet.

side 8-9

## Vellukka julemesse

Ei julemesse som gav 92.500 kr må vi seia var ei vellukka julemesse. Nok ein gong samlast folk i Kyrkjekjellaren i Klokkarvik.

side 3

## Set mot i kvarandre

Dette var temaet for Annbjørg Barane då ho var gjest på føremiddagstreffet siste onsdagen i oktober.

side 4

## Bibelutdeling

Søndag 27. oktober var det utdeling av biblar til elevar i 5. klasse i Sund.

side 5

## Songgudsteneste

Gudstene i Sund kyrkje 10. november vart kalla ei songgudsteneste fordi det vart sunge meir enn det som er vanleg i gudstener.

sistesida

## Pastoralt perspektiv

### «Det enkle er ofte det beste»

Du kjenner sikkert att denne overskrifta frå *reklamen*...

Det betyr ikkje at presten har late seg kjøpa av reklamebransjen! Men sjølve *kjernen* i dette slagordet er allikevel verdt å reflektera over, og kanskje særleg no i vår hektiske førjuls-tid når vi stressar rundt og jaktar på julestemninga. For den gode julestemninga kjem ikkje til oss gjennom stress og kjøpefest. Den kjem istaden gjennom TID, STILLHET, FELLESSKAP og fokus på det ENKLE!

Og då er vi jo egentleg framme ved barnet i krubba og den aller første julenatta!

*«Så enkelt og stille kom Gud til vår jord, så høgt er eg elska av Jesus, min bror. Han kom frå Guds himmel, Gud sjølv var han lik, men Jesus vart fattig og eg er blitt rik»*

Slik syng vi i ein av våre julesalmar. Og plutselig har vi heile juleevangeliet i ein sum: Gud stig ned i det lave og inn i det enkle. Dermed kan vi seia: Det enkle ER ofte det beste!

No er eg ikkje så naiv at eg trur vi kan avlyse julestrida. Stresset lar seg nok ikkje knipsa6 bort. Og for all del: Vi SKAL førebu oss til jul! Men dersom vi får advents-pulsen *ned*, så går lytte-evna *opp*! Og dermed er vi betre istand til å «høyra» kva dei 4 adventslysa har på hjarta:

Dei fortel at Kongen kjem! – Ikkje kanskje, men heilt sikkert!

Det som derimot er meir usikkert – er om Himmelkongen blir tatt godt imot...?

Han kjem ikkje i svart limousin, men på eit esel. Han ligg ikkje på ei silkepute på eit slott, men på halm og strå i ei krubbe.

Han ynskjer seg ikkje glitter og stas, men hjarterom og husrom.

Enkelt, ja, men det enkle er ofte det beste!

Og gjetarane tok englane på ordet og la alt til side for å finna det vesle barnet som låg i matfatet til ei ku. Der, mellom halm og strå låg Frelsaren – i det lave og i det enkle.

Kanskje det er eitt og anna *vi* også treng å leggja til side for å kunne feira CHRISTMAS, KRISTUS-FEST...!?!

Kjell-Asle Børnes

## Velkommen til gudsteneste

### 08. desember – 2. søndag i adventstida – Joh 14,1-4

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/ Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 15. desember – 3. søndag i adventstida – Matt 11,2-11

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. SØNDAGSKULE!

### 22. desember – 4. søndag i adventstida – Luk 1,46-55

KAUSLAND kyrkje kl 18.00 «VI SYNG JULA INN» v/Kjell-Asle Børnes. *Song v/Stjernekorset/Betweenskorset og Juleprosjekt-koret frå Sund og Landro.* Takkoffer: Kyrkjemusikalsk arbeid

### 24. desember – Julaften – Luk 2,1-20

KAUSLAND kyrkje kl 14.30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Musikk v/Aslaug Ottestad og Henrik Falang (kornett/trompet).* Takkoffer: Kirkens nødhjelp

SUND kyrkje kl 16.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Song v/Stjernekorset/Betweenskorset. Musikk v/Aslaug Ottestad og Henrik Falang (kornett/trompet).* Takkoffer: Kirkens nødhjelp

### 25. desember – Juledag – Joh 1,1-14

SUND kyrkje kl 12.00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. *Musikk v/Aslaug Ottestad og Henrik Falang (kornett/trompet).* Takkoffer: NMS

### 26. desember – 2. juledag – Joh 1,1-14

KAUSLAND kyrkje kl 12.00 Høgtidsgudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. *Musikk v/Aslaug Ottestad og Henrik Falang (kornett/trompet).* Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

### 01. januar – Nyårsdag – Luk 2,21

SUND kyrkje kl 12.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

### 05. januar – Kristi openberringsdag – Matt 2,1-12

SOTRA ARENA kl 11.00 Fellesgudsteneste i Nye Øygarden. *Diverse barnekor og vaksenkor.* Takkoffer: Basecamp

### 12. januar – 2. søndag i openberringstida – Matt 3,13-17

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 19. januar – 3. søndag i openberringstida – Joh 2,1-11

SUND kyrkje kl 18.00 Gudsteneste v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. *Konfirmantane deltek etter konfirmantleir!* Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 26. januar – 4. søndag i openberringstida – Luk 18,35-43

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 02. februar – 5. søndag i openberringstida – Mark 2,1-12

SUND kyrkje kl 11.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp. *Utdeling av 4 års-boka.* Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 09. februar – Sámannssøndag – Luk 8,4-15

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 *Bønevandrings*-gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Bibelselskapet

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigede
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

**Kyrkjeskys - Indre Sund**

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 936 10 773



*I kaféen kunne ein få både god graut og gode kaker.*

## Julemessa gav 92.500 kr

Det vart folksamt i Kyrkjekjellaren då julemessa vart halden der laurdag 16. november. Med eit resultat på heile 92.500 kr må vi seia at det var ei vellukka julemesse.

Her var det ulike ting å få kjøpt, her var det tombola, her var kafé med sal av både god graut og gode kaker med kaffi til. Og så vart det tid til to åresal med nummer heilt opp til 5000, så det såg ut til at alle fekk dei årane dei ynskte. Mange fine gevinstar var det òg. I tillegg var det seldt over hundre loddbøker som sjølvstapt var med på det gode resultatet. Vi må òg nemna song av Stjernekorset og Betweenkorset og andakt ved Anette R. Børnes.

Julemessekomiteen vil takka for all hjelp, gevinstar og loddkjøp som gav så flott resultat på julemessa. Pengane skal gå til kjøp av nye stolar i kyrkjelydssalen i Sund kyrkje.

*Olai Otterå*



*På eit langbord var det ei rekkje ting som ein kunne få kjøpa.*



*Diverse småkaker var noko av det ein kunne kjøpa.*



*Det blei fullt rundt alle borda i Kyrkjekjellaren.*



Annbjørg Barane var gjesten på føremiddagstreffet i oktober.

## På føremiddagstreff med Annbjørg Barane

«Set mot i kvarandre» var temaet som Annbjørg Barane snakka om då ho var gjest på føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren siste onsdagen i oktober.

Ho meinte at når vi kjem saman, har kvar av oss noko å gje berre ved å vera til stades. Ho fann fram stader i Bibelen der det står om Paulus at «då han såg dei, takka han Gud og fekk nytt mot» og «... difor må de setja mot i kvarandre» eller «... set mot i dei motlause.»

- Eg trur det er viktig i vår tid å setja mot i kvarandre, meinte Annbjørg Barane. - Sjølv om Noreg er eit av dei beste landa i verda, er det mange som er redde. Kanskje vi burde læra dei å ropa til Gud?

- Vi er så opptekne av

det dennesidige, som om vi skulle vera her alltid, meinte ho vidare og siterte frå Jan Magnus Bruheim: «Kva veit vi om børenne til dei andre. Då måtte vi vere dei.»

Annbjørg Barane meinte òg at vi kan hjelpa kvarandre til framgang og mot. Vi må byggja opp, ikkje riva ned. Men når vi snakkar med kvarandre, er det ofte om noko negativt. Ho peikte på at vi heller kan oppmuntra kvarandre, setja mot i kvarandre med Guds ord. Og ho siterte m.a. frå Joh 14,27 der Jesus seier: «Fred etterlet eg dykk. Min fred gir eg dykk. ... Ver ikkje motlause.»

- Skal eg vera ved godt mot må eg ha trua på Jesus, avslutta Annbjørg Barane.

Olai Otterå



Eit orkester med Torgeir Børnes på flygel, Martin Børnes på slagverk og Simon Bjørnevik og Solfrid Forstrønen på gitar stod for musikken til songane.



Hildegunn Børnes Myklebust, Gerd Tyse Nygård og Borghild Hustad Berge var forsongarar.

## Lovsongskveld i Sund kyrkje

Med både eit orkester og forsongarar på plass skorta det ikkje på korkje song eller musikk då det vart skipa til lovsongskveld i Sund kyrkje fredag 18. oktober.

Her var det både kjende songar og nokre som kanskje var litt meir ukjende for enkelte. Men med songane på

veggen kunne alle syngja med, og det var sjølvsagt òg tanken bak det heile.

På nokre av songane var det Borghild Hustad Berge som song saman med orkesteret, men elles var Hildegunn B. Myklebust og Gerd T. Nygård òg med i forsongargruppa, og dei fekk også litt hjelp frå

Åsgeir Litlere og delar av Betsweenskor.

Annette Børnes leia det heile, og innimellom var det gjort plass til ein andakt ved Marit Børnes.

Etterpå var det kveldsmat saman i kyrkjelydssalen.

Olai Otterå



*Elevar frå 5.klassar i Sund viser fram bibelbøkene som dei har fått.*

## Biblar til elevane i 5. klasse

Ein gong i året deler kyrkja ut biblar til elevane i 5. klasse i Sund. I år skjedde dette i Sund kyrkje på søndagen den 27. oktober.

Alle elevane i 5. klasse var nok ikkje til stades, men dei 17 som møtte opp i kyrkja fekk sine biblar utdelte. Det er ikkje heile bibelen dei får, men eit utval.

Det var kyrkjelydspedagog Dag R. Pettersen som stod for utdelinga, og etterpå kunne elevane visa fram den fine boka som dei hadde fått.

I denne gudstenesta fekk vi òg høyre fin song av 8 jenter i Betweeneskoret, som er koret for dei frå 4. klasse og oppover.

*Olai Otterå*

*Dag R. Pettersen delte ut bibelboka til elevane frå 5.klassar i Sund.*



*Betweeneskoret song i denne gudstenesta.*



Medan Kjell-Asle Børnes las opp namna på dei 44 som var gravlagde i Sund det siste året, tende Hildegunn B. Myklebust eit lys for kvar av dei.

## Mintest dei som var gravlagde det siste året

Den første søndagen i november er Helgemessedagen, eller Allehelgensdagen. Dette er søndagen då ein gjerne minnest dei som har gått bort det siste året.

I Sund skjedde dette i Kausland kyrkje. Her vart namna til alle dei 44 som var

gravlagde det siste året, lesne opp. Det var Kjell-Asle Børnes som las opp alle namna, og for kvart namn som vart lese opp tende Hildegunn B. Myklebust eit lys. Etterpå var det eitt minutt stilla.

I denne gudstenesta var òg Sund

Blandakor til stades. Dei rundt 30 medlemene song fleire songar som dei gleda kyrkjelyden med, for Sund Blandakor er flinke til å syngja. Dirigenten deira heiter Ann Jorunn Hillersøy.

Olav Otterå



Sund Blandakor song i gudstenesta på Allehelgenssøndagen.

## Krystallnatta markert i Foldnes kyrkje: Me må ikkje gløyme det som skjedde Krystallnatta



Foldnes kyrkje var fint pynta. (Foto: Ottar Vik)

Den enorme tragedien som skjedde Krystallnatta vart ein minna om i Foldnes kyrkje laurdag 9. november. Nærare 200 menneske møtte opp til markeringa. Det var innlegg frå forfatter Halgrim Berg, varaordførar Torill Selsvold Nyborg og Joel Ystebø som er ungdomspolitikar i Bergen. Lokale krefter deltok med musikk, song og dikt. Det var helsing frå ordførar i Sund, Kari-Anne Landro.

Krystallnatta er namnet på

natta mellom 9. november og 10. november 1938 og markerte starten på ei dramatisk opptrapping av jødeforfølginga i Tyskland og Austerrike. Over 7500 butikkar vart vandalisert, synagogar brent ned og mange jødar vart drepne.

10. november var fortaua fulle av knust glas frå dei jødiske forretningane, og dette gjorde at aksjonane vart gitt namnet krystallnatta av nazistane.

Olav Martin Vik

## Leiar og nestleiar i sokneråda

**Sokneråda har valt leiar og nestleiar. Dei vert valde for 1 år om gongen.**

### Sund sokneråd

**Leiar:** Svein Marius Myklebust  
e-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

**Nestleiar:** Bente Aase

### Fjell sokneråd

**Leiar:** Jorunn Småbrekke Gjersvik  
e-post: jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

**Nestleiar:** Eigil Nødtvedt

### Foldnes sokneråd

**Leiar:** Per Helge Refvik  
e-post: perhelgerefvik@msn.com

**Nestleiar:** Olav Ingard Fjeldstad

### Landro sokneråd

**Leiar:** Tove Karin Lyngsmo Angeltveit  
e-post: tove.karin@outlook.com

**Nestleiar:** Dag-Olav Bjørøy

### Hjelme og Blomvåg sokneråd

**Leiar:** Erling Vik  
e-post: erl-vik@online.no

**Nestleiar:** Aina Elisabeth Hellesund

## Felles- gudsteneste for heile familien!

**Søndag 5. januar  
går kyrkjelydar  
og forsamlingar  
frå Fjell, Sund og  
Øygarden saman  
om ei stor felles-  
gudsteneste  
i Sotra Arena  
kl. 11.00.**

Dette vert avslutninga på den store opningsveka av vår nye kommune. "Det er flott at me får arrangere ei slik gudsteneste, og me oppmodar små og store om å delta på denne familiegudstenesta," seier Espen Tveten som har leia arbeidet med dette fellesarrangementet. Det vert mykje song og musikk, blant anna felles barnekor og vaksenkor med ulike kor frå distriktet. Fjell kyrkjebrass deltek. Maria Tveten talar, det vert bønnevandring og intervju med den nye ordføraren. Gudstenesta vert avslutta med stor kyrjekaffi. "Eg vonar folk i alle dei tre noverande kommunane sluttar opp om arrangementa både laurdag og søndag i Sotra Arena", avsluttar Espen Tveten, "dette vert ei festhelg". Det vert parkering i Kystbygarasjen. Derfrå går det skyttelbussar både til og frå Sotra Arena.

# «Styrke for dagen og håp for i morgen. Signing for barnet som Gud tar seg av.»



**Disse ordene ønsket Erling Kopperud, tidligere sokneprest i Fjell og prost i Vesthordland prosti gjennom 20 år, å avslutte tjenesten sin med. De er hentet fra Norsk Salmebok 2013 nr. 322.**

Det var en fullsatt Foldnes kirke som søndag kveld 27. oktober fikk være med på avskjed med nattverdgdustjeneste og påfølgende kirkekaffe med mange taler.

Alle prostiets prester gikk inn i prosesjon til nydelig sang av Sotra Reviderte. Bakerst gikk biskopen og avtroppende prost Erling Kopperud iført fiolett messehakel. Det var Bots- og bønnedag – og salmen Amazing grace fikk fokus i prekenen.

Biskopen startet gudstjenesten med

å poengtere at Erling Kopperud ikke har sluttet å være prest, og selv vil han gjerne fortsette med prestatjeneste når helsen tillater det.

Mange ga i talene uttrykk for takknemlighet over Erlings forkynnelse. På kortet fra fellerådet i Fjell sto det: «Takk for mange gode ord gjennom mange gode år». Kristian Kopperud holdt tale der han fortalte fra livet som en sammensveiset prestefamilie og hvordan han hadde hatt sin far som forbilde fra han var liten gutt. Karl Johan Hallaråker, som de siste årene har vært vikar i prostiet, pekte på den viktige funksjonen Erling Kopperud har hatt i forhold til bedehusmiljøet på Vestlandet, og med en kone fra Austevoll gikk det godt, selv for en østlending, sa han.

Kvelden ga rom for takknemlighet

og glede over den tjenesten som Erling Kopperud har stått i gjennom medgang og motgang. Han har sett den enkelte, og også brukt ordene til å skape en kultur for raushet der det er lov å være uenig i sak. Han har framstått som klok og samlende.

Det har vært et godt forhold mellom kommunene og Den norske kirke i Vesthordland prosti. Både ordfører Siv Høgtun fra Askøy og påtroppende ordfører i nye Øygarden, Tom Georg Indrevik, var til stede. Et enstemmig kommunestyre i Fjell gikk i sin tid inn for å bygge Foldnes kyrkje. Også på Askøy har det blitt bygget to kirker i løpet av perioden, og Erling Kopperud har vært en god mann også i denne sammenhengen.

Anita Skjæveland

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



# Er takknemlig

Etter en tid med sykdom pensjonerer prost Erling Kopperud seg. Han ser tilbake på prestetjenesten som en rik og meningsfull tjeneste.

## Var det et kall fra Gud da du valgte å bli prest?

Ja, det var en modningsprosess som etter hvert gjorde det klart for meg at mitt kall var å bli prest i Den norske kirke. Jeg hadde helt fra barndommen en særskilt interesse for både bibelhistorie og kirkehistorie. Derfor var det naturlig for meg å begynne på teologistudiet etter gymnaset.

## Du har vært både sokneprest og prost i mange år. Kommunene i ditt prosti har hatt en stor folkevekst. Har kirken klart å holde tritt med utviklingen og det å nå mennesker med Guds ord?

Om vi har klart å holde tritt med utviklingen, er et krevende spørsmål å besvare. Vi skulle gjerne hatt flere stillinger i operativ kirkelig virksomhet og tjeneste som vi kunne ha satt inn for å nå flere nye innbyggere i kommunene våre. Vesthordland prosti bærer preg av etablerte bygder og stor tilflytning og folkevekst. Den norske kirke er nok til stede med sine sokn og kirker over alt der mennesker bor, og slik har folket mulighet for kirkelig betjening. Men tilhørighet og fellesskap i et levende menighetsliv er kanskje den største utfordringen vi står overfor i vår tid.

## Du har vært tett på menighetene i prostiet. Hva tenker du er annerledes nå enn om man går 10 år tilbake i tid?

Jeg synes at menighetene i prostiet har vist vilje til å ta vare på det kristne fellesskapet om Ord og sakrament, og samtidig er de preget av et sterkt ønske om at nye mennesker i alle aldre skal bli møtt på en inkluderende måte. Av nye tiltak de siste årene vil jeg særskilt nevne Trosopplæringen som et viktig redskap til å nå barn og unge med Guds ord. Utfordringen for menighetene er hvordan dette skal føre til vekst og utvikling i menighetslivet.

## Hva føler du har vært mest krevende i tiden din som prost?

En prost er en prest som ved siden av vanlig tjeneste som menighetsprest, også har et ledelses- og administrativt ansvar for prestetjenesten i prostiet. Dessuten skal prosten i samvirke med kirkelige råd og utvalg bidra til et godt arbeidsmiljø,



samarbeid og åndelig fellesskap innen de kirkelige arbeidslag i prostiet.

Dette er oppgaver som til tider kan være krevende, men samtidig har jeg ønsket å være en prost som legger til rette for at de kirkelige arbeidslag skal fungere best mulig sammen. Derfor er dette noe av det mest gledelige, når jeg ser at medarbeidere trives, og at de i fellesskap «drar lasset sammen».

## Hva har gledet deg mest som prest og senere prost?

Som prest har jeg fått stå i en meningsfull og rik tjeneste. Et særskilt ansvar som jeg har hatt helt siden jeg begynte som sokneprest i Fjell, er å administrere og holde andakter på Fjell sjukeheim, Straume Bu- og Servicesenter og Kvednatunet på Ågotnes. Denne tjenesten har jeg satt stor pris på, og her har jeg gjennom årene fått være sammen med mange mennesker som har beriket livet mitt.

Som prost har jeg jevnlig hatt gudstjenester i hele prostiet. Dette har vært en takknemlig og viktig oppgave for meg, og slik har jeg også blitt godt kjent med menighetene i Vesthordland.

Det som særmerker prestetjenesten er at vi møter mennesker i både glede og sorg. Disse samværene gjør inntrykk på meg og berører meg. Slike erfaringer gjør at jeg

som medmenneske bærer med meg både ydmykhet og takknemlighet.

## Hva er ditt største ønske for Vesthordland prosti for tiden som kommer?

Mitt største ønske er at kirkene i prostiet fortsatt må få være et sted der himmel og jord møtes; møtesteder hvor de holder fast på Jesu ord. For han kan gjøre noe med sitt ord som andre og vi selv ikke kan.

## Mange lurer sikkert på om vi får se og høre deg på prekestolen, selv om du nå blir pensjonist?

Ja, jeg vil nok etterhvert være positiv til slike forespørsler.

## Ser du frem til dager uten mange avtaler og være fri for ledersansvar? Mer tid til familien kanskje?

Jeg har i alle år trivdes godt i min tjeneste som prest og prost. Men etter at jeg ble sjuk, har det blitt naturlig og greit at jeg nå kan få slippe ansvaret. Jeg er takknemlig for at jeg kan se fram til roligere dager med mer tid sammen med familien, og til å prioritere gode samvær med barnebarna i hverdagen.


Olav Martin Vik

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

# Sokneråd og kyrkjestab møte kvarandre



Sokneråda og kyrkjestaben i nye Øygarden kommune samla i kyrkjelydssalen i Foldnes kyrkje. (Foto: Yngvild Mørner Sørheim)



## Perler i Havlandet

Tekst og foto:  
Marie Golten Pettersen

Ny bok med vakre steinbilette frå havlandet her i vest.

Boka kan kjøpast direkte frå forfattaren:

post@havlandet.com

Pris: 300 kr (+ ev. porto)

Onsdag 25. september møttest nyvalde sokneråd og kyrkjestaben til ei samling der ein mellom anna skulle verte litt meir kjent med kvarandre. Over 70 menneske var samla i Foldnes kyrkje der ein fekk presentert sokneråda og kyrkjestaben. Det er fem sokn og sokneråd i nye Øygarden kommune.

Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg. Dei tilsette i kyrkja har vore gjennom ein samanslåingsprosess og kyrkjestaben er organisert på nytt.

Denne organiseringa vart presentert for dei framømte frå sokneråda.

Olav Martin Vik

## Den norsk kyrkja i Øygarden

Dette er kontaktinformasjonen til Den norske kyrkja i Øygarden frå og med 1. desember 2019.

Kyrkjekontoret i nye Øygarden kommune ligg i Temahuset på Straume og har adresse Tytebærbrekko 2.

### DEN NORSKE KYRKJA I ØYGARDEN

#### Ekspedisjonstid:

måndag-fredag kl. 10.00-14.00

#### Sentralbord:

55 09 74 40

#### E-post:

post.oygarden@kyrkja.no

#### Postadresse:

Øygarden kyrkjelege fellesråd,  
Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume

#### Besøksadresse:

Temahuset,  
Tytebærbrekko 2, Straume

#### Nettside:

www.kyrkja.no/oygarden

## Føremiddagstreffa

Ein tek sikte på å få til føremiddagstreffa også etter nyttårsskiftet, sjølv om gjestar og tema ikkje var fastlagt då dette bladet gjekk i trykken. Føremiddagstreffa vekslar mellom Kyrkjekjellaren i Klokkarvik og Kyrkjelydshuset på Kausland. Dei startar med ein felles lunsj før gjesten talar om sitt tema. Føremiddagstreffa er siste onsdagen i månaden og startar alltid kl 11.30.

**29.01 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik**  
Gjest og tema ikkje fastlagt

**26.02 Kyrkjelydshuset, Kausland**  
Gjest og tema ikkje fastlagt

**25.03 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik**  
Gjest og tema ikkje fastlagt

**29.04 Kyrkjelydshuset, Kausland**  
Gjest og tema ikkje fastlagt

**27.05 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik**  
Gjest og tema ikkje fastlagt

## Onsdagstreffa

Onsdagstreffa på Aktivitetssenteret i Skogskiftet held fram utover vinteren og våren. Treffa tek kvar gong til kl 11.00. Det blir både mat og underhaldning.

Onsdag 8. januar

Onsdag 5. februar

Onsdag 4. mars

Onsdag 1. april

Onsdag 6. mai

Onsdag 3. juni



# OPNINGSFEST

## ØYGARDEN 2020



Vi inviterer innbyggjarane i Sund, Fjell og Øygarden og andre interesserte til fest for å markera overgangen til Nye Øygarden kommune. Festveka vert avslutta med fellesgudsteneste i Sotra Arena søndag 5. januar.

<b>Tysdag 31. desember kl. 23.30</b>	Nyttårsmarkering ved fyrlykta i Skogskiftet med bl.a. fyrverkeri. Fire ordførarar deltek.
<b>Onsdag 1. januar kl. 18.00</b>	Nyttårskonsert med storband og brassband i Hjeltefjorden Arena på Rong. Dørene opnar kl. 17.00.
<b>Laurdag 4. januar: Den store folkefesten i Sotra Arena</b>	10.00: Aktivitetar og konkurransar ute og inne for store og små. 13.00: Offisiell opning. Statsminister Erna Solberg deltek. 18.00: Det store korslaget. 23.00: Dans med Gardsbruk. Dørene opnar kl. 22.00.
<b>Sundag 5. januar kl. 11.00</b>	Fellesgudsteneste i Sotra Arena. Kyrkjekaffi.

Til følgjande arrangement må det tingast billetter:

- Nyttårskonsert 1. januar kl. 18.00 (gratis)
- Offisiell opning 4. januar kl. 13.00 (gratis)
- Det store korslaget 4. januar kl. 18.00 (gratis)
- Dans med Gardsbruk 4. januar kl. 23.00 (kr. 200,-) 18 års aldersgrense.

Billetter kan tingast hjå ticketmaster.no (søkjeord: Øygarden).  
Du kan også henta billetter på biblioteka i Skogskiftet, Rong og Straume.

Velkomen til folkefest for Øygarden kommune!

**WWW.NYEOYGARDENKOMMUNE.NO**

# Natta som endra alt

Mykje vart endra den første julenatta!

GUD vart menneske, og skifta adresse, frå himmel til jord, frå trone til stall, frå gullgater til halm og strå og støvete landevegar, frå ånd til kjøt og blod.

MENNESKE, representert ved gjetarane ute på markene - var utanfor det gode selskap, men plutsleg hamna dei i selskap med den gode Gud!

Slik var den første julenatta full av LIV, LYS og HÅP!

Barnet i krubba vitna om at himmelbrua var eit faktum, ja, at vegen til himmelen på nytt var open. Ei NY FORTID og ei EVIG FRAMTID vart bydd fram både til heilage og mindre heilage. Ja, englane song om at FRED MED GUD plutsleg var mogleg å få, som ei gåve frå himmelen. M.a.o: Den første julenatta var full av NÅDE!

Slik tok Jesu liv til her på jorda. Slik heldt det fram, og slik er det framleis! Framleis er det LIV, LYS, HÅP og NÅDE å finna, både i julenatta og gjennom resten av året. Gud har ikkje forlate oss.

## Juleandakten

Han kjem til oss og gjer seg grenselaust tilgjengeleg for oss, på tross av vår mangel på heilagdom!

Han vart lagt mellom halm og strå. Og han er framleis ikkje redd for å bli skitten på hendene. Jesus Kristus kjem til oss som BERGINGSMANN! Og han leitar etter oss der vi er, slik vi er!

Lar DU deg finna?

Også i dag kan ufullkomne menneske som oss, hamna i selskap med den gode Gud! Også i dag vert ei NY FORTID og ei EVIG FRAMTID

bydd fram.

Slår DU følgje med gjetarar og vise menn ut i julenatta og inn til barnet i krubba?

«Eg fann, eg fann!» - sa Espen Askeladd.

«Og finner du ham i krybbens hø, som hyrder så, som hyrder så, da eier du nok til freidig å dø og leve på, og leve på.» (Norsk salmebok 59 v. 4)

VELSIGNA JUL!

Kjell-Asle Børnes

## Korøving i Sund kyrkje

### STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

øver kl 17.30 - 18.30

### BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

øver kl 18.30 - 19.30

14. og 28. januar

11. februar

10. og 24. mars

14. og 28. april

12. og 26. mai

Nye og gamle medlemmer er velkomne!

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

## GRAVMINNER



Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
( samme hus som Ligningskontoret )



## Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

### AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

### AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner  
Lensmannsvegen 17B,  
5378 Klokkekarvik



Epost: redapukelis@gmail.com  
Facebook: Redas neglestudio

## Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

**Klokka 17.00-19.00**

**Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje**

07. januar

04. februar

03. mars

31. mars

05. mai

**Kyrkjelydshuset på Kausland**

22. januar

19. februar

18. mars

22. april

27. mai

**Middag -**

**bibelfortelling -**

**aktiviteter -**

**felleskap**

Ta med familien og kom,  
eller kom åleine.

## DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

## Vil du vere med?

**Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?**

**Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?**

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

- klokkeoppgåver,
- kyrkjevertoppgåver eller
- kaffivertoppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
**477 07 698** eller på e-post:  
[hildegunn.bornes@sund.kommune.no](mailto:hildegunn.bornes@sund.kommune.no)

## Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

### Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

### Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
MELDING

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**KIRKENS**  
**SOS**

*Si det med*  
**Blomster**  
**Sund Senter**  
**Blomster**  
Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

### Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01

## Nettside

### Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkjelydane i Sund. Kyrkjevevja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

[www.kyrkja.no/sund](http://www.kyrkja.no/sund)

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

Vil du bli med på klubb?

## Betweenklubb

Etter nyttår startar klubben  
opp att og møtest:

21. januar, 18. februar,  
17. mars, 21. april,  
19. mai.

**klokka 17.30 - 19.30**

i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.  
Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,  
Bibelen, kveldsmat.**

Velkomen,  
og ta gjerne med ein venn!

## Strikkekafé

Strikkekaféen i kyrkjelydssalen  
i Sund kyrkje held fram på  
desse tysdagane:

14. januar  
28. januar  
11. februar  
10. mars  
24. mars

Tid: Klokka 17.30 - 19.30

Alle er velkomne, også dei  
som ikkje ynskjer å strikka.

*Kontaktperson:*

*Tone Hatlelid, tlf. 452 77 055*

## Lovsongskveldar

i

**Sund kyrkje:**

Søndag 9. februar kl. 17.00

Fredag 6. mars kl. 19.00

Det vert kveldsmat etterpå.

Alle er velkomne

## Døypte

**17.11 Kausland kyrkje**  
Emilian Fauskanger Glesnes  
Johanna Hammersland  
Samuel Hammersland  
Mari Telle Støen  
Mathilde Kvam

## Sund Sokneblad i 2020

Neste år vil Sund Sokneblad etter planen også koma ut med seks nummer. Dei kjem til å fordela seg slik (datoane kan veriera litt etter korleis det passar for Posten):

- Nr. 1 - 05. februar
- Nr. 2 - 01. april (påske)
- Nr. 3 - 17. juni
- Nr. 4 - 02. september
- Nr. 5 - 28. oktober
- Nr. 6 - 02. desember (jul)

## Gravlagde

**17.10 Sundheimen**  
Aage Sangolt, f. 1958 (bisetjing)  
**23.10 Sundheimen**  
Magnhild Aune, f. 1941 (bisetjing)  
**24.10 Kausland kyrkje**  
Nils Mikal Kallestad, f. 1935  
**29.10 Sund kyrkje**  
Arvid Magnus Steinsland, f. 1938  
**05.11 Kausland kyrkje**  
Marie Teodora Øvretveit, f. 1940  
**07.11 Kausland kyrkje**  
Anne Berit Kleppe, f. 1937  
**21.11 Kausland kyrkje**  
Gunnfrid Steinsland, f. 1939



## PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte kyrkjekontoret: **55 09 74 40**

### Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffstad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

### Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjøve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund sokn

Telefon sentralbord: ..... 55 09 74 40

### Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag ..... kl 10.00 - 14.00

### Besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor  
Temahuset  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

### Postadresse:

Øygarden kyrkjelege fellestråd  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

**E-post:** [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

**Nettside:** [www.kyrkja.no/sund](http://www.kyrkja.no/sund)

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

### Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97  
*sokneprest* ..... 41 41 66 67  
E-post: [kjell.asle.bornes@sund.kommune.no](mailto:kjell.asle.bornes@sund.kommune.no)

### Soknerådet

Svein Marius Myklebust  
*soknerådsleiar*  
E-post: [svein.myklebust@danielsen-skoler.no](mailto:svein.myklebust@danielsen-skoler.no)

*Solstrands*  
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

*Vår erfaring - din trygghet*

VIRKE  
GRAVFERD

**Sund  
Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume

**Konto:** 3628.07.11645

**Kontingent:** 250 kr pr. år

**Redigering:** Olai Otterå

### Redaksjon:

Olai Otterå ..... 928 93 057

### E-post:

[sund.sokneblad@bkkfiber.no](mailto:sund.sokneblad@bkkfiber.no)

### Trykk:

Bodoni AS, Straume



**Opplag:** 2.950



Ei gruppe med Irina Tarasova på flygel, Dag R. Pettersen på bassgitar og Martin Børnes på slagverk sørga for musikken i denne songgudstenesta.

## Songgudsteneste i Sund kyrkje



Forsongarane: Øygunn Skodvin Prestegård (t.v.) og Laila Mortensen.

I gudstenesta i Sund kyrkje 10. november var det lagt ekstra vekt på salmane. Der det vanlegvis er ein salme mellom kvar lekk i gudstenesta, var det no gjerne to eller tre. Så vart denne gudstenesta også kalla ei songgudsteneste. Til hjelp med songen var det ei lita gruppe som spelte flygel, bass og slagverk, og det var to forsongarar.

Elles var det fin hjelp frå ungdomsgruppa «Boost» som sørga for at songtekstane vart viste på veggen, og som tende lys i lysgloben. Dei hadde òg vore med på valet av salmar og songar.

Dette var også dagen då det nye lydanlegget i kyrkja vart teke i bruk for første gong. Lyden høyrdest bra ut, men enkelte justeringar blir det kanskje nødvendig å gjera etter kvart likevel.

Olai Otterå

## I 300 deltakarar på kristen konferanse

**Mange ungdomar tek ikkje med seg den kristne trua si inn i vaksenlivet. Førre helg samla 1300 unge og vaksne frå heile landet seg for å freiste å motverke fråfallet.**

Den tverrkyrkjelege konferansen «Gi Jesus videre» samla folk frå heile landet i Kristiansand frå fredag til søndag. Frikirkelig Barne- og Ungdomsunion (FBU) stod som arrangør i eit samarbeid med 16 andre kristne organisasjonar.

Konferansen vart halden i pinsemenigheten Filadelfia sine lokale, Q42, og arrangørane ynskte å ta tak i fråfallsstatistikkane mellom unge kristne. «Det vil vi gjøre ved både å bevisstgjøre, motivere og gi kunnskap til dem som er ledere i menighetene våre, på alle nivåer, fra de yngste til de eldste», stod det i ei melding. «Gi Jesus videre» er meint å bidra til eit sterkare band mellom kyrkjelyd og heim, truslivet og kvardagen.

Arrangørane trur denne konferansen vil bli oppfatta som annleis enn dei fleste andre konferansar som handlar om ungdom og tru. Kring 40 ulike aktørar hadde stand og presenterte ressursane sine til bruk i trusarbeidet i heim og kyrkjelyd.

«Vi tror at dette kan bli begynnelsen på en stor snuoperasjon når det kommer til statistikker», stod det i meldinga. (KPK)

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i rundt 5. februar

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 22. januar